

Møtereferat

Dato: 03.10.2014

Emne:	AU kontaktutval ny E39 - Referat frå møte 30. september 2014	
Til stades:	Tom-Christer Nilsen Terje Søviknes Kjetil Hestad Liv Kari Eskeland Wenche Tislevoll Gustav Bahus Frode Nergaard Fjeldstad (For Tom Knudsen) Elise Dåvøy (For Roger Pilskog) Signe Eikenes (Observatør) Sveinung Valle (Observatør) Torill Eidsheim (Observatør) Håkon Rasmussen (Administrasjon) Thorbjørn Aarethun (Administrasjon) Beate Bergsheim Lindgård (Administrasjon) Matti Torgersen (Administrasjon)	
Forfall:	Henning Warloe Magne Rommetveit (Observatør) Lars Sponheim (Observatør)	Sak: 2014/15115-14
Møtetid:	30. september 2014	Møtestad: Fylkesutvalssaalen

Møteleiar: Tom-Christer Nilsen**Referent:** Matti Torgersen**AU til kontaktutval for ny E39 Hordfast – Referat frå møte 30. september 2014****Referat frå møte med samferdselsministeren 24.09.14**

Fleire deltakarar i kontaktutvalet hadde møte med samferdselsministeren 24 september. M. a. vart det lagt fram ein muleg alternativ framdriftsplan for planarbeidet, der det vert føreslått å utarbeide områderegulering etter planprogram for å sikre rask framdrift. Samferdselsministeren stadfesta at det vert arbeidd med sikte på oppstart i 2018, og at det vert sett på mulegheit for innkorting av planprosessen.

Orientering om status for statleg plan E39 Os-Stord

Prosjektleiaren Signe Eikenes orienterte om status for arbeidet med statleg plan for E39 Os-Stord. Ljosarka frå innlegget ligg vedlagt.

Innkorting av planleggingstid

Notat vart sendt ut til møtet.

Det må liggje føre eit nytt oppdragsbrev frå Samferdselsdepartementet til Statens Vegvesen før framdriftsplanen vert endra.

På spørsmål vart det svart at det ikkje er noe krav om formell behandling i fylkesting eller i kommunestyre om det vert endringar i framdriftsopplegg for planarbeidet.

Statens Vegvesen har tinga utgreiingar av tre ulike teknologiske løysingar for kryssing av Bjørnafjorden med frist til våren 2015. Etter val av brukonstruksjon vil det bli starta opp arbeid med optimalisering av teknologisk løysing. Når dette er gjort, vil vi ha eit betre grunnlag for kunne vite meir presist om kostnader for Hordfast.

Eventuelle endringar plan prosessen må leggjast ut i kommunestyra. Det er viktig med ein open prosess, der dei ulike alternativa ligg føre. Dei ulike traseane er ikkje silt, og SVV utarbeider kriterium for siling av alternativ. Det vart poengtert at med endra framdrift, bør ein unngå å ha fleire reguleringsplanalternativ. Traseløysingar bør veljast i planprogramfasen. Det vart presisert at det ikkje er bru over Bjørnafjorden som vil ta mest tid å byggje, men heller bru over Langenuen og utarbeiding av den øvrige traseen.

Drøfting av kommunikasjons- og informasjonsplan og vegen vidare

Utkast til kommunikasjons- og informasjonsplan vart sendt ut føre møtet, og gått igjennom på møtet. Det vart streka under at dette var eit førebels dokument, og at det vert arbeidd vidare med dette.

Det skal arbeidast med å få til best mogleg omtale i NTP, og at det vert oppstart av bygging i første periode av NTP. Det må og følgjast med på etablering av nytt statleg vegselskap.

Det vert gjort to endringar i målformuleringar:

Mål 4: Det vert presisert at målet er å få oppstart i første periode i neste NTP.

Mål 5: Eventuell blir lagt til, slik at formuleringa blir: «Forberede grunnlag for ein eventuell bompengesøkna».

Orientering om mulegheitsstudium for fylkesveggar med tilknytning til E39

Det vart orientert om at mulegheitsstudiet har vore utlyst, men at det ikkje kom inn tilbod.

Samferdselsavdelinga vurderer vidare prosess for å engasjere konsulent. Det vart presisert at dette skjer innanfor regelverket for offentlege anskaffingar.

Betydinga av kryssløysingane vart presisert. Med høg fart blir det stiv kurvatur med stor avstand mellom kryssa, og kryss kan av tekniske årsakar heller ikkje leggjast kor som helst. Tverrsambanda kan gjere E39 meir samfunnsøkonomisk lønsam. Det må utarbeidast ein strategi for å få inn aktuelle tverrsamband inn i finansieringsløysinga for E39. Det vart fremja ønskje om å leggje inn møte med dei aktuelle kommunane om tverrsambanda, noko leiar av kontaktutvalet stadfesta vil bli gjort.